

Kunnskapsdepartementet
postmottak@kd.dep.no



Vår dato: 10.09.2019

Vår ref: KORS

Høyringsvar

Innspel til stortingsmeldinga om arbeidsrelevans i høgare utdanning

Først av alt vil vi takke for høvet til å svare på denne høyringa. Utdanningar som er utforma med arbeidslivets sanne røynslar som bakteppe er eigna til å skape høgare kvalifiserte arbeidstakarar. Dette er noko som kjem heile samfunnet til gode. Vårt bidrag til denne høyringa vil ta utgangspunkt i korleis menneskesynet på funksjonshemma hindrar og kan styrke kompetanse og utvikling i samfunnet.

I følgje tal frå BUFDIR har om lag 17 % av den norske befolkninga nedsett funksjonsevne. Dette svarer til kring 600 000 menneske. Fordi dette talet er såpass høgt, møter ein menneske med nedsett funksjonsevne på alle plan av samfunnet, fordelt over heile landet. Funksjonshemma er den mest diskriminerte gruppa i Noreg i dag. Denne høyringa handlar ikkje om anti-diskrimineringstiltak. Likevel meiner vi det kan vere nyttig å bruke sluttproduktet av denne høyringa som eit verktøy mot diskriminering, innanfor sakas eigne rammer. Ved å implementere relevante anti-diskrimineringstiltak i ei rekke utdanningar, er ein ikkje berre med på å realisere likestillinga for funksjonshemma. Ein realiserer òg studentane og arbeidstakarane sitt høve til å kunne utføre arbeidet sitt på ein betre måte. Poenget vårt er, at all den tid arbeidstakarar i ulike yrke samhandlar med funksjonshemma – anten som kundar eller kollegaer – vil kunnskap om haldningar til funksjonshemma setje arbeidstakarane i betre stand til å utføre yrket sitt i møte med funksjonshemma. Det som er med på å gi studentane betre verktøy for å kunne gjere ein god jobb, er òg relevant for det yrkeslivet som møter dei.

Vi meiner det er fleire ulike yrkesgrupper og utdanningar det er relevant å ha kjennskap til funksjonshemmas situasjon når det gjeld likestilling og diskriminering i samfunnet, og det menneskesynet som er rådande. Dette hevdar vi på bakgrunn av erfaringar svært mange av våre medlemer gjer seg. Døme på yrke og utdanningar der dette er mest relevant, er pedagogiske utdanningar. Mange av våre medlemer opplever eller har opplevd at ein ikkje blir møtt med forventingar og krav på lik linje med medelevar, berre fordi ein har ei nedsett funksjonsevne. Dette er med på å skape segregering og utanforskap i skulen. Vi meiner ein kan unngå dette ved at studentar ved ulike pedagogiske utdanningar får kjennskap og medvit om diskriminering av funksjonshemma.

Likeeins meiner vi dette er noko som kan styrkast innanfor medisinske og sosiale utdanningar, td lækjarar eller sosionomar. Her er utfordringa at fleire av våre medlemer rapporterer om personale ved helseinstitusjonar som behandlar funksjonshemma som sjuke. Dette heng saman med det [medisinske paradigmet](#), som individualiserer og sjukeleggjer funksjonshemma. Det er eit paradigme i motsetnad til det sosiale, og er ikkje eigna til å fremje likestilling.

Avslutningsvis vil vi igjen takke for høvet til å svare på denne høyringa. Som eit viktig apropos vil vi minne om, at like viktig som eit relevant innhald i utdanninga, er det faktiske høvet til å delta og få tilgang til høgare utdanning. Dette må skje gjennom inkluderande utdanning frå barneskulen av, total universell utforming av utdanningsinstitusjonar, og ikkje minst haldningar og menneskesyn som ikkje stenger elevar og studentar med funksjonsnedsetjingar ute. Vi håpar vårt høyringssvar kan vere eit konstruktiv bidrag til det siste.

Beste helsing
Norges Handikapforbunds Ungdom (NHFU)

Tamarin Varner /s/
Leiar

Sissel Eidhammer /s/
Dagleg leiar